


Vedlegg til Ruspolitisk handlingsplan for Osterøy kommune

# RETNINGSLINJER FOR SKJENKING OG SAL AV ALKOHOL

Alkoholpolitisk handlingsplan for Osterøy kommune 2020

---

Revidert dato: 23.09.2020, HS-sak 058/20



## Føreord

Alkoholova set rammene for korleis alkoholpolitikken skal forvaltast. Innafor desse rammene er kommunen tillagt eit betydeleg ansvar og ein stor fridom til å utforme sin eigen loale alkoholpolitikk.

Det er her utarbeidd framlegg til alkoholpolitisk handlingsplan som er rettleiande for handsaming og tildeling av skjenke- og salsløyve i Osterøy kommune.

Denne skal erstatte delar av Ruspolitisk handlingsplan, kap 6, for den delen som gjeld alkoholpolitikk.

Utover handlingsplanen vert det vist til Alkoholova med tilhøyrande forskrifter.

### **Tilhøvet til Temaplan for psykisk helse og rus samt Ruspolitisk handlingsplan**

I førre planperiode vart alkoholpolitisk handlingsplan innarbeidd i ein ruspolitisk handlingsplan. Dette vart vurdert av arbeidsgruppa som ei føremon ettersom det var behov for føringar for arbeidet innan heile rusfeltet, ikkje berre for alkoholpolitikk. Arbeidsgruppa vurderte det også slik at det var vanskeleg å ikkje sjå områda i samanheng.

Det vart også utarbeidd ein temaplan i perioden som såg på arbeidet med psykisk helse og rus. Ruspolitisk handlingsplan og Temaplan for psykisk helse og rus (Frå vogge til grav) har overlappende tema og må sjåast i samanheng.

Arbeidsgruppa (politisk og administrativ) for revisjon av planen i 2016 (FS-sak 089/15) vurderer at desse planane med fordel bør slåast saman for å lage ein temaplan som omfattar heile området med psykisk helse og rus, då der er fleire samansette utfordringar og der særleg det førebyggjande og tryggjande arbeidet må sjåast i samanheng.

Ettersom det er behov for å få fastsett lokal alkoholpolitikk som vedtaksgrunnlag for handsaming av skjenkeløyve og salsløyve før sommaren, har arbeidsgruppa vald å utarbeide eit forslag for alkoholpolitisk handlingsplan først, slik at denne kan vedtakast innan utgangen av juni 2016.

Tilråding frå arbeidsgruppa (adm og pol.) er at arbeidet med revisjon og eventuell samanstilling av «Temaplan for psykisk helse og rus» og «Ruspolitisk handlingsplan» skal vere ei prioritert arbeidsoppgåve i komande planperiode.

Arbeidsgruppa

# INNHALD

Føreord.....	1
INNHALD.....	2
Alkoholpolitisk handlingsplan.....	4
Overordna retningslinjer og prinsipp.....	4
Løyveperioden for sal og skjenking.....	5
Definisjonar.....	5
1. Skjenkeløyve i kommunen.....	6
1.1 Generelle reglar - skjenkeløyve.....	6
1.2 Løyve vert tildelt etter ei konkret vurdering.....	6
1.3 Retningslinjer for tildeling av skjenkeløyve.....	6
1.4 Retningslinjer - skjenking.....	6
1.5 Generelle reglar – ambulerande skjenkeløyve og enkelt arrangement.....	7
1.6 Løyve til uteservering.....	7
1.6.1 Generelle reglar - uteservering.....	7
1.6.2 Framkomst og trafikkale tilhøve – retningslinjer for uteservering.....	7
1.6.3 Avgrensing av skjenkearealet - uteservering.....	7
1.6.4 Krav til søknad og bruksløyve i kommunen - uteservering.....	8
2 Tiltak for å regulere tilgang til alkohol.....	8
2.1 Søknader/tildeling av sals- og skjenkeløyve.....	8
2.2 Handsaming av søknad om sals- og skjenkeløyve i kommunen.....	8
2.3 Krav til søknad om sals-/skjenkeløyve.....	8
2.4 Kontroll av opplysningar på søknadskjemaet.....	9
2.5 Uttale.....	9
2.6 Løyvehavars plikt til å gi melding til kommunen.....	9
2.7 Salsløyve i kommunen.....	9
2.8 Enkelt arrangement.....	10
2.9 Salsløyve for A/S Vinmonopolet i Osterøy kommune.....	10
2.10 Gjennomføring av kunnskapsprøven om alkohollova.....	10
3 Kontroll med sals- og skjenkeløyve og reaksjonar på brot.....	10
3.1 Generelle reglar.....	10
3.2 Kontroll av salsstadane.....	11
3.3 Kontroll av skjenkestadene – retningslinjer i kommunen.....	11
3.4 Kontrollrapportar.....	11
3.5 Varsling.....	11
4 Reaksjonar ved brot på alkohollova – prikktildeling.....	11
Alkoholforskriftas kapittel 10. Inndragning av salgs- og skjenkeløyve:.....	11
5. Tidsavgrensing for sal og utlevering av alkoholhaldig drikk.....	14

6. Tidsavgrensing for skjenkeløyve.....	14
Uteservering .....	14
Slutta selskap.....	14
Overnattingsstad .....	14
Opningstider .....	15
7. Konsum av utskjenka alkohol .....	15
8. Utviding for eit enkelt høve.....	15
9. Gebyr .....	15
9.1 Gebyrsatsane for sals- og skjenkeløyve.....	15
9.2 Satsar .....	15
Sal .....	15
Skjenking.....	15
Ambulerande løyve og enkeltarrangement .....	15

## Alkoholpolitisk handlingsplan

Heradsstyret har plikt til å fastsetje alkoholpolitikken i kommunen.

Alkohollova § 1-7d seier følgjande: «Kommunen skal utarbeide en alkoholpolitisk handlingsplan. Departementet kan gi forskrifter om innholdet av kommunal alkoholpolitisk handlingsplan.»

Alkoholpolitisk plan er eit verktøy for politisk styring av tildeling av sals- og skjenkeløyve og kva vilkår og føringar ein ynskjer knytt til dette.

Det er eit politisk ansvar å vurdere omsynet til ulike interesser som næringsutvikling, forbrukaromsyn, kriminalitetsførebygging og folkehelse. Ved innføring av folkehelselova vart kommunens ansvar for å fremje folkehelsa gjort tydeleg, herunder føre ein alkoholpolitikk som tek omsyn til folkehelseutfordringane i kommunen. Både alkohollova og folkehelselova legg til grunn at kommunen i løpet av kommunestyreperioden vurderar alkoholpolitikken og herunder behovet for endringar i løyvepolitikken.

### Alkohollovas føremål er ifølgje §1-1:

*«Regulering av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.»*

### Folkehelselovas føremål ifølgje § 1:

*«Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse.*

Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter setter i verk tiltak og samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte. Loven skal legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid

## Overordna retningsliner og prinsipp

Førebygging må vere eit overordna prinsipp i all innsats på rusområdet. Kontrolltiltak må vere tilstades for å minske tilgang og skadeverknader, og behandling må setjast inn for å avgrense rusmiddelskadene.

Ofte blir førebygging, kontrolltiltak og behandling oppfatta som ulike satsingsområde som ikkje har noko med kvarandre å gjere. Ein heilskapleg alkoholpolitikk må sjå desse i samanheng.

Folkehelsearbeid er tiltak og tilrettelegging som direkte eller indirekte fremjar helse og trivnad, førebyggjer sjukdom, skade eller lidning, eller som vernar mot ytre helsetruslar eller som gir ei betre fordeling av faktorar som påverkar helsa, direkte eller indirekte. For kommunen er det eit mål å redusera dei skadeverknadene alkoholbruk påfører den enkelte, deira familie og samfunnet. Dette skal vise i alkoholpolitisk handlingsplan.

Kommunen ynskjer å ha, gode og varierte møteplassar i kommune- og bygdeseentra, og serveringsstadene inngår i dette tilbodet. Kommunen ynskjer å ha føreseielege retningsliner for butikk- og serveringsbransjen og likebehandling av verksemder. Førebygging av økonomisk kriminalitet og god og ansvarleg drift i bransjen er viktig for kommunen.

For kommunen er barn, unge og unge vaksne ei viktig målgruppe i det førebyggjande arbeidet, og særleg skulen er ein viktig arena for haldningsskapande arbeid. Det er også viktig å oppretthalde familie-, idretts- og fritidsarrangement som er retta inn mot barn og unge som alkoholfrie soner.

Osterøy kommune er oppteken av å hindre diskriminering og sikre tilgjenge for alle. Brot på diskriminerings- og tilgjengelighetslova må ikkje skje. Kravet i lova om universell utforming skal ivaretaast. Det skal vere eit felles ansvar mellom løyvemynde, løyveinnehavarar og andre aktørar som har sitt virke opp mot «utelivet», å oppretthalde eit trygt utemiljø i kommunen, og at alkoholomsetnaden skjer i samsvar med gjeldande lovverk og kommunale vedtak.

Kommunen vil tilrettelegge for eit godt samarbeid med serveringsbransjen og løyvemyndet ved å ha felles møte for utveksling av informasjon, erfaringar og faglege oppdateringar.

## Løyveperioden for sal og skjenking

Kommunalt løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 2 og 3 blir gitt for 4 år av gangen, og med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Kommunalt løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og til skjenking av alkoholhaldig drikk blir gitt for periodar inntil 4 år, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Dersom det av særlege omsyn er ønskjeleg med oftare vurdering av løyvet, kan løyve gjevast for kortare tid, dvs. for eitt eller fleire år av gangen.

## Definisjonar

**Spisestad** - der verksemda framstår og blir driven som ein serveringsstad med hovudvekt på servering av mat. Om lag 25% at totalomsetninga bør vere **matsservering**. Dersom meir enn 25% av totalomsetjinga ved ein stad er alkoholhaldig drikk, kan staden vanlegvis ikkje bli sett på som ein spisestad. Som mat reknast ikkje alkoholhaldig eller alkoholfritt drikke. Ved alle spisestader skal det liggje føre eit fullverdig mattilbod i heile skjenketida. Revisorstadfesta oppgåver som viser innkjøp fordelt på varegrupper skal sendast til til kommunen seinast 15. juli og 15. januar.

**Hotell** - der verksemda har minst 30 rom med dusj/bad og toalett. I tillegg må verksemda og ha resepsjonsteneste og lokale der alle måltider skal kunne bli servert. Ved verksemder som ikkje oppfyller dei spesifikke krav til hotell kan det etter ei konkret vurdering bli gjort unntak – dersom avvika er av mindre omfang.

**Stader med lita eller ingen matsservering** - pubar, barar, diskotek eller liknande, som ikkje fell inn under andre kategoriar.

**Selskapslokale** - lokale der slutta selskap blir avhalde. Ungdoms- og grendahus er døme på slike lokale.

Dersom bygget er ope for alminneleg publikum – må det slutta selskap bli halde fysisk fråskilt frå andre delar av lokala. Med dette meiner vi at det slutta selskap må bli halde eige rom på skjenkestaden. Avskjerming i form av plantar eller andre provisoriske løysingar blir ikkje akseptert. Dette gjeld alle serveringsstader.

**Slutta selskap** - krets av bestemte (inviterte) personar som blir samla for eit bestemt høve. Kretsen må ikkje vere open for utanforståande. Det er ikkje tilstrekkeleg at ein – før skjenkinga tek til – skriv seg på ein liste eller kjøper billett. Det ein tek sikte på er dei tilfelle der privatpersonar ønskjer å avvike eit privat arrangement i leigde/lånte lokale – i staden for å halde arrangementet heime.

**Alkoholhaldig drikk** - Alkoholholdig drikk blir brukt som fellesnemning på drikke som inneheld meir enn 2,5 volumprosent alkohol, likevel slik at aldersgrenseregelen i alkohollovas § 1-5 også gjeld for drikk mellom 0,7 og 2,5 volumprosent alkohol.

**Brennevin** er drikke som inneheld tilvirka alkohol ublanda eller i blanding med andre produkt. All drikk som inneheld 22 volumprosent alkohol eller meir, vert rekna som brennevin.

**Alkoholfri drikk:** Drikk som inneheld under 0.7 volumprosent alkohol

**Alkoholsvak drikk:** Drikk som inneheld frå og med 0.7 til og med 2.5 volumprosent alkohol

**Alkoholhaldig drikk gruppe 1:** Drikk som inneheld over 2.5 og høgst 4.7 volumprosent alkohol

**Alkoholhaldig drikk gruppe 2:** Drikk som inneheld over 4.7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol

**Alkoholhaldig drikk gruppe 3:** Drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol

## 1. Skjenkeløyve i kommunen

### 1.1 Generelle reglar - skjenkeløyve

#### Skjenkeløyve for

- gruppe 1: alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol
- gruppe 2: all alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent
- gruppe 3: all alkoholhaldig drikk

### 1.2 Løyve vert tildelt etter ei konkret vurdering

**Skjenkeløyve for** alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol eller all alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent eller all alkoholhaldig drikk **kan bli tildelt søkjarar som på søknadstidspunktet:**

- Har ein uklanderleg vandel.
- Oppfyller dei krav alkohollova og retningslinjer vedtekne av Osterøy kommune set til løyvehavar og andre personar som er impliserte i verksemda.
- Blir vurdert eigna til å inneha løyve.

Alle stader med skjenkeløyve skal ved synleg plassert skilting opplyse om aldersføresegn ved staden.

### 1.3 Retningslinjer for tildeling av skjenkeløyve

- a) I vurdering av søknaden skal m.a. omsyn til talet på skjenkestader, konsept, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold og nabolag vektleggjast.
- b) Skjenkestadene må organisere **uteserveringa** slik at denne føregår innan eit tydeleg avgrensa areal og så langt råd er avskjerma i forhold til trafikk og forbipasserande.
- c) For at det skal kunne gjevast skjenkeløyve som kan brukast i opningstida i eit kjøpesenter/butikksenter, må tiltaket vere i avlukka lokale.

### 1.4 Retningslinjer - skjenking

- a) **Hotell blir normalt tildelt skjenkeløyve.**
- b) **Skjenkeløyve til restauranter må kommunestyret** – eller den instans kommunestyret gir mynde til – ta stilling til i kvart einskild tilfelle.
- c) **Fleire skjenkeløyve** skal gjevast når skjenkestadene er utforma slik at gjestene ikkje fysisk kan bevege seg frå eitt skjenkeområde til eit anna.
- d) **Skjenkeløyve til båtar/skip**  
Båtar/skip kan bli tildelt skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk med
  - høgst 4.7 volumprosent alkohol
  - all alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent
  - all alkoholhaldig drikk
- e) **Enkelt høve/avgrensa tidsperiode** (alkoholl.§1-6)

Kommunen kan etter søknad tildela skjenkeløyve til enkeltarrangement som festivalar, bygdefestar, o.l.



Til vanleg vert det ikkje gitt skjenkeløyve for alkohol gruppe 3 til slike arrangement. Arrangøren må dokumentera forsvarleg vakthald og kontroll for arrangementet før søknad kan handsamast.

## 1.5 Generelle reglar – ambulerande skjenkeløyve og enkelt arrangement

Ambulerande skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk kan tildelast person over 20 år, eller til ein juridisk person, som stettar krav til løyve.

### Ambulerande løyve kan gjevast for

- alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol
- all alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent
- all alkoholhaldig drikk

Ambulerande løyve er tenkt brukt ved bryllaup, jubileum og liknande arrangement.

Skjenking i medhald av eit ambulerande løyve kan **berre skje til deltakarar i slutta selskap**, som haldast anten i private eller offentlege lokale. Det er ikkje krav om førehandsgodkjenning av lokala.

Skjenking i medhald av **ambulerande løyve** kan **ikkje skje i kommunale skular eller kommunale fritidsklubbar**.

Mynde til å **avgjere søknader** om ambulerande skjenkeløyve og til løyve til enkeltarrangement blir lagt til rådmannen. Det er oppretta 7 ambulerande skjenkeløyve i kommunen.

## 1.6 Løyve til uteservering

### 1.6.1 Generelle reglar - uteservering

- a. Løyve til uteservering av alkoholhaldig drikk over 22 volumprosent kan etter ei konkret vurdering gjevast der slik skjenking framstår som ein naturleg del av staden sitt totalkonsept – ute- og inneskjenkinga sett under eitt.
- b. **Musikk eller underholdning ved bruk av elektrisk anlegg/høgtalar på uteserveringa må avsluttast innan kl. 23.00. Musikk eller underholdning skal** uansett ikkje vere slik at det er til vesentleg ulempe for dei som bur eller oppheld seg ved området der uteserveringa er.

### 1.6.2 Framkomst og trafikkale tilhøve – retningslinjer for uteservering

Tilgang og trafikkale tilhøve skal vere gode. Uteserveringa skal ikkje plasserast slik at det medfører ulempe eller er til hinder for forbipasserande eller andre brukarar av området.

Uteservering må ikkje kome i konflikt med brannrømningsvegane. Uteservering skal ikkje bli plassert slik at gateløp/veggar blir sperra for utrykningskøyretøy.

Uteserveringa må som hovudregel vere ordna slik at gjestar og personale ikkje treng å krysse gateløp for å kome til fasilitetar som toalett, oppvask m.v. samt skal vere universellt tilgjengeleg.

Bredden til fri ferdsel blir avgjort etter ei konkret vurdering.

### 1.6.3 Avgrensing av skjenkearealet - uteservering

Løyve for uteservering gjeld for det **areal og tal på stolar** som er oppgitte i vedtaket. Ståplassar er ikkje tillate. Løyvet gjeld det driftskonseptet som er oppgitt i søknaden.

Skjenkearealet på uteserveringa må vere klart avgrensa mot det arealet som ikkje er skjenkeareal. Følgjande avgrensingar blir godtekte: Metallgjerde i lengre seksjonar som ikkje er grunnfaste – i kombinasjon med tøy eller tau, eller andre løysingar som sikrar behovet for avgrensing men som kan ryddast bort.



Avgrensingar på offentlig grunn skal bli fjerna når dei ikkje er i bruk.

#### 1.6.4 Krav til søknad og bruksløyve i kommunen - uteservering

Før søknad om uteservering blir behandla må **teikningar** som viser avgrensing av skjenkearealet bli sendt til kommunen. Dersom det er krav om søknad om løyve til tiltak skal søknad handsamast og byggeløyve vere gitt innan skjenkeløyve kan gjevast.

Før løyve til uteservering blir teke i bruk, skal søkjar sende eigenerklæring til kommunen som stadfester:

- a. at søkjar har lovleg tilgang til å nytta arealet til uteservering
- b. at plan- og bygningsmyndigheitene har godkjent uteserveringa med eventuelle innretningar
- c. at Mattilsynet har gitt dei naudsynte løyve for bruk av uteserveringa.

Løyvehavar har plikt til å gi kommunen **melding** om endringar som medfører at dei opplysningar som er gitt i eigenerklæringa ikkje lenger er korrekte.

Før løyve til uteservering blir teke i bruk skal representant for kommunen ha vore på **befaring** på staden.

## 2 Tiltak for å regulere tilgang til alkohol

Alkoholova regulerer tilgang til alkohol m.a. gjennom ordninga med:

- Løyve
- Fastsetjing av vilkår for korleis sal og skjenking skal gå føre seg
- Kontroll med at løyvehavar følgjer vilkår.
- Regulering som skal redusere etterspurnad m.a. ved aldersgrenser og forbod mot alkoholreklame.

### 2.1 Søknader/tildeling av sals- og skjenkeløyve

Kommunen kan tildele to hovudtyper løyve:

- Salsløyve
- Skjenkeløyve

### 2.2 Handsaming av søknad om sals- og skjenkeløyve i kommunen

Søknad om sals- og skjenkeløyve og søknad om endringar i eksisterande løyve skal handsamast fortløpande. Søknad om utviding av skjenkeareal skal handsamast etter retningsliner som for søknad om skjenkeløyve. Rådmannen skal alltid gjere ei vurdering av konsekvensar i høve til oppvekst- og bumiljø ved handsaming av saker som gjeld sals- og skjenkeløyve.

### 2.3 Krav til søknad om sals-/skjenkeløyve

Søknad om sals- og skjenkeløyve og søknader om endringar i eksisterande løyve skal, så langt det høver for vedkomande verksemd, innehalde følgjande opplysningar:

- a) **Namn og adresse** på vedkomande – som eig verksemda. **Firmaattest** skal vedleggjast søknaden. Attesten skal ikkje vere eldre enn 2 månader.
- b) **Type verksemd.**
- c) **Adresse på staden** der verksemda skal drivast.
- d) **Navn og adresse på styrar og stedfortredar** – samt opplysningar om deira **tilknytning** til verksemda.

- e) **Eigenerklæring** der det går fram at søkjar har **tilgang til lokale** der verksemda skal drivast.
- f) **Teikningar** der sals- og skjenkeareal er skravert.
- g) **Skildring av opplegg for drifta** som hindrar at lyd frå skjenkestaden blir til vesentleg ulempe for bebuarar i området, og tilsvarande opplegg for orden på området rundt inngangspartiet.
- h) **Opplysningar som er naudsynte for å vurdere vandel** og det å vere eigna som løyvehavar, eigarar og dei som får slike inntekter eller har slik påverknad som går fram av alkoholova § 1-7b.
- i) Om søkjar har serveringsløyve. Som hovudregel må ein skjenkestad ha serveringsløyve for å utøve sitt skjenkeløyve.
- j) Kravet om internkontroll etter alkoholova skal vere oppfylt.
- k) Dokumentasjon frå **brannvesenet** på fastsetting av maksimalt personal for lokalet
- l) Dokumentasjon på at styrar og stadfortreder har bestått **kunnskapstesten** etter alkoholova § 1-7c, 3. ledd.
- m) Firmaattest
- n) At det ligg føre **bruksløyve** frå bygningsmynde. Kopi av bruksløyve/ferdigattest skal ligge ved
- o) At verksemda før oppstart har innhenta dei naudsynte løyve frå **Mattilsynet**
- p) At verksemda vil bli **registrert i meirverdiavgiftsmanntallet** så snart registreringsplikta inntre
- q) At **alle tilsette er registrert i arbeidstakarregisteret**
- r) At alle tilsette har **lovlege arbeidskontraktar**
- s) At det er **teikna yrkesskadeforsikring for alle tilsette**

## 2.4 Kontroll av opplysningar på søknadskjemaet

Kommunen kan kontrollere opplysningane i søknaden ved oppslag i **Brønnøysundregistrene** – og ved å hente inn opplysningar frå **andre instansar/etatar** etter behov.

## 2.5 Uttale

Søknad om **sals- eller skjenkeløyve og endringar i eksisterande løyve** skal leggjast fram for **uttale** til:

- Sosialtenesta
- Politiet

Søknad om sals- eller skjenkeløyve og endringar i eksisterande løyve **kan i tillegg leggjast fram for uttale til:**

- Skatteoppkrevjar
- Skattekontor
- Tollvesen
- Arbeidstilsyn

## 2.6 Løyvehavars plikt til til å gi melding til kommunen

Løyvehavar (sals-/skjenkeløyve) har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen, som kan ha konsekvens, i høve til dei vilkår løyvet er gitt på.

## 2.7 Salsløyve i kommunen

### 2.7.1 Salsløyve for drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent alkohol i kommunen.

**Salsløyve for drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent alkohol kan berre bli tildelt daglegvareforretningar og fetevareforretningar.**

Salsløyve til nettsal av alkohol med inntil 4,7% alkoholinnhald i ht. gjeldande regelverk. Utlevering av alkohol kan ikkje skje heime hos kunden.

Med daglegvareforretning meiner vi forretningar med følgjande daglegvarer:

”Daglegevarer reknast som matvarar og andre nærings- og nytingsmidlar, dyremat, vaske- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, hushaldingsvarar av papir, plast, rense- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, hushaldingsvarar av papir, plast, bone-, rense- og pussemidlar. Forretningen må har eit matvaretilbod som er klart breiare enn tradisjonell kiosk.”

Salsløyve for drikk som inneheld alkohol kan ikkje gjevast til bensinstasjonar og kioskar, jamfør Alkohollova med forskrift §3.4.

## 2.8 Enkelt arrangement

Privatpersonar som låner/leiger eit lokale til slutta selskap for eit enkelt tilhøve kan servere alkoholhaldig drikk i desse lokala utan skjenkeløyve, dersom skjenking skjer utan vederlag.

Firma og andre juridiske personar kan ikkje servere alkoholhaldige drikkevarer i slike lokale utan skjenkeløyve. Det same gjeld dersom privatpersonar skjenker alkoholhaldige drikkevarer i slike lokale mot vederlag.

Alle som har behov for skjenkeløyve for eit enkelt tilhøve kan søkje om dette.

Det kan søkjast om to ulike løyve:

1. Med heimel i alkohollova § 4-5 kan kommunen gje bevilling som blir utøvd på ein stad for eitt høve og for skjenking i slutta selskap (ambulerande bevilling). Kommunestyret bestemmer tal for slike bevillingar.
2. Med heimel i alkohollova § 1-6, 2. led, siste punktum kan det bli gjeve alminneleg bevilling for skjenking av alkoholhaldig drikk for eitt enkelt høve, i denne type søknader har Rådmannen delegert mynde. Søkjarar som får bevilling for eit enkelt høve jfr. Alkohollova § 1-6, 2. ledd , siste punktum må følgje same reglar som gjeld for faste løyve.

## 2.9 Salsløyve for A/S Vinmonopolet i Osterøy kommune

I medhald av alkohollova § 3-3 godkjenner Osterøy kommune **utsalsstad for A/S Vinmonopolet – lokalisert til Lonevåg**

## 2.10 Gjennomføring av kunnskapsprøven om alkohollova

**Kommunen er ansvarleg for å gjennomføra kunnskapsprøve for styrarar og avløyssarar** i verksemder som har eller søker om kommunalt sals- og skjenkeløyve, jfr. § 1-7c i alkohollova, samt for alkoholkontrollørar. Kommunen kan og halde slike kunnskapsprøver for kandidatar som ikkje er knytt til verksemder med løyve. Sosial- og helsedepartementet har fastsett forskrift om dokumentasjon av kunnskapar.

# 3 Kontroll med sals- og skjenkeløyve og reaksjonar på brot

## 3.1 Generelle reglar

Det skal først **kontroll med utsalsstader** som har kommunalt løyve til sal av alkoholhaldig drikk og med **skjenkestader** som har kommunalt løyve.

Kommunen sitt mål om å redusere rusmiddelbruk skal vere retningsgjevande for kontrollavdelinga sitt arbeid.

Kontroll skal skje så ofte det er behov, jfr. alkoholforskrift § 9-7. Kvar løyvestad skal likevel bli kontrollert minst ein gong pr. år. Til saman skal kommunen utføre tre gonger så mange kontrollar som det er sals- og skjenkestader i kommune. Kommunen bestemmer sjølv korleis kontrollane skal bli fordelt på dei ulike løyvestadene.

Det er tenleg at kontrollen blir utført i samarbeid med:

- Branntilsyn etter brannlova
- Økonomikontroll etter skattelova og avgiftslovgjevinga
- Ordenskontroll v/lensmannen

Kontrollørane gjennomgår relevant **opplæring** – før dei blir sett inn i tenesta.

## 3.2 Kontroll av salsstadane

Kontrollar av salsstadane skal som utgangspunkt bli gjort av **ein kontrollør**.

Kontroll av salsstader skal m.a. omfatte:

- At det ikkje førekjem sal til synleg eller openbart rusa personar
- At fastsett aldersgrense for sal av alkoholhaldig drikk vert følgde.
- At det ikkje førekjem sal utover løyvet sitt omfang og omsetningsform

## 3.3 Kontroll av skjenkestadene – retningsliner i kommunen

- Skjenkekontrollar skal bli utført av to personar som saman kontrollerar skjenkestadene.
- Kontrollane vil skje på alle vekedagene – med hovudvekt på fredagar og laurdagar.

Kontroll av skjenkestader skal m.a. omfatte:

- At det ikkje førekjem skjenking til synleg eller openbart rusa personar
- At fastsett aldersgrense for skjenking for gjester og skjenkepersonale vert følgde.
- Skjenketid/opningstid
- Skjenking utover løyvet sitt omfang
- Skjenkestadens si plikt til å føre alkoholsvak og alkoholfri drikk
- Forholdet mellom tal på personale og talet på gjester i høve til utforming av skjenkestaden
- Om skjenkestaden overheld alkoholreklameforbodet
- Generell orden i lokalet.

## 3.4 Kontrollrapportar

Ved kontroll utarbeidar kontrollør(ane) **skriftleg rapport**. Ein **gjenpart** av kontrollrapporten skal overleverast til **ansvarshavande på staden** når kontrollen er avslutta. Kommunen sender kopi av kontrollrapport til løyvehavar innan ei veke etter utført kontroll. Dersom kontrollør(ane) skriv **tilleggsrapport** til kontrollen, skal også denne sendast til løyvehavar innan ei veke.

Rapportar som kan føre til inndraging av løyvet skal sendast, med eventuelle kommentarar frå løyvehavar, til formannskap og vidare til heradsstyret.

## 3.5 Varsling

Varsel om mogleg brot på tildelt skjenkeløyve eller alkohollova vert å melde til kommunen ved rådmannen.

Varslar skal, dersom ikkje anna er avtalt, verta anonymisert ved vidare saksgong i kommunen.

# 4 Reaksjonar ved brot på alkohollova – prikktildeling

### Alkoholforskriftas kapittel 10. Inndraging av salgs- og skjenkeløyve:

*§ 10-1. Føresegn om prikktildeling og inndraging i § 10-2 til § 10-6 gjelder der kontroll gjennomført i henhold til kapittel 9 i denne forskrifta eller rapport fra andre myndigheter, avdekker at innehaver av kommunal salgs- eller skjenkeløyve ikke har oppfylt sine plikter etter Alkohollova, bestemmelser gitt i medhold av Alkohollova, bestemmelser i lov eller i medhold av lov som har sammenheng med Alkohollovas formål, eller plikter som følger av vilkår i bevillingsvedtaket.*

*§ 10-2. Ved overtredelser som nevnt i § 10-3 skal kommunen tildele bevillingshaver et bestemt antall prikker. Likeartede brudd avdekket ved samme kontroll skal anses som ett enkelt brudd.*

**Prikktildelingssystemet** er heimla i alkohollova § 1-8 tredje ledd. Prikkar kan berre bli tildelt på bakgrunn av kontroll gjennomført i samsvar med alkoholforskrifta kapittel 9 eller rapport frå andre mynde, t.d. rapportar frå politiet etter bruk av stengingsadgangen, jfr. alkohollova § 1-8a, etter rapport om narkotikaomsetnad på staden, jfr. alkohollovas andre ledd. Føresegn om prikktildeling og

inndraging i §§ 10-2 til 10-6 gjeld der innehavar av kommunalt sals- eller skjenkeløyve **ikkje har oppfylt sine plikter** etter alkohollova, føresegner fastsette i medhald av alkohollova, vilkår i andre lover eller i medhald av lov som har samanheng med alkohollovas føremål, eller plikter som følgjer av vilkår i løyvevedtaket. Ved brot på vilkår for løyvet, må det skiljast mellom **vilkår som er føresetnader for løyvet** og vilkår som inneber plikter for løyvehavar, jfr. alkohollova §§ 3-2 og 4-3. Ein skjenkestad kan t.d. ha søkt løyve for eit bestemt driftskonsept, som at skjenkestaden skal vere ein restaurant. Dersom løyvehavar endrar konsept frå restaurant til pub, vil dette kunne bli vurdert som brot på dei føresetnadene som låg til grunn for at løyvet vart gitt. Den naturlege reaksjonen vil då vere å vurdere tilbakekalling av løyvet etter forvaltningslovas § 35, ikkje mellombels inndraging. Brot på vandelskrav etter alkohollova § 1-7b er ikkje omfatta av prikktildelingsystemet. I tilfellet der vandelskravet ikkje lenger er oppfylt, vil det ikkje vere rett å inndra løyvet for ein kortare periode, fordi det er eit lovkrav at vandelskravet skal vere oppfylt til ei kvar tid, jfr. alkohollova § 1-7. Dersom vandelskrava ikkje er oppfylte, er føresetnaden for løyvet ikkje lenger til stades, og rett framgangsmåte vil vere å inndra løyvet ut perioden. Inndraging etter alkohollova §1-8 fjerde ledd, dvs. inndraging fordi løyvet ikkje blir brukt, er heller ikkje omfatta av prikkssystemet.

Føresegn i alkoholforskrifta i §§ 10-1 til 10-6 inneheld eit system for prikktildeling ved brot på løyvehavarar alkoholrettslege plikter. Reglane inneber at ulike brot blir tildelt eit visst tal prikkar og der 12 tildelte prikkar i løpet av to år førar til ein standardreaksjon på inndraging i ei veke. Ordninga er obligatorisk, og kommunar er pliktige til å følgje dei reaksjonane som følgjer av forskrifta.

#### **Forskrifta gjeld frå 01.01.2016:**

Dersom løyvehavar i løpet av en periode på to år er tildelt til sammen 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt fleire enn 12 prikkar skal kommunestyret auke lengda på inndraginga tilsvarande.

Ved beregning av toårsperioden skal overtredelsestidspunkta leggjast til grunn.

Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden, jf. alkohollova § 1-6. Ved overdraging startar ny periode på overdragingstidspunktet, jf. alkohollova § 1-10 første ledd.

#### **§ 10-3.Følgende overtredelser fører til tildeling av åtte prikker:**

- *salg, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. Alkohollova § 1-5 annet ledd*
- *brudd på bistsplikten, jf. § 4-1 annet ledd i denne forskriften*
- *brudd på kravet om forsvarlig drift, jf. Alkohollova § 3-9 og § 4-7*
- *hindring av kommunal kontroll, jf. Alkohollova § 1-9.*

#### **Følgende overtredelser fører til tildeling av fire prikker:**

- *salg og utlevering til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 3-1 i denne forskriften, skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 4-2 første ledd i denne forskriften*
- *brudd på salgs-, utleverings- og skjenketidsføresegn, jf. Alkohollova § 3-7 og § 4-4*
- *skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. Alkohollova § 1-5 første ledd*
- *brudd på alderskravet til den som selger, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk, jf. Alkohollova § 1-5 tredje ledd.*

**Følgende overtredelser fører til tildeling av to prikker:**

- det gis adgang til lokalet til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller bevillingshaver sørger ikke for at person som er åpenbart påvirket av rusmidler forlater stedet, jf. § 4-1 i denne forskriften
- mangler ved bevillingshavers internkontroll, jf. Alkoholova § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i denne forskriften
- manglende levering av omsetningsoppgave innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften
- manglende betaling av bevillingsgebyr innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften
- brudd på krav om styrer og stedfortreder, jf. Alkoholova § 1-7c
- gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestedet, jf. Alkoholova § 1-8 annet ledd
- gjentatt diskriminering, jf. Alkoholova § 1-8 annet ledd.

**Følgende overtredelser fører til tildeling av én prikk:**

- brudd på kravet om alkoholfrie alternativer, jf. § 4-6 i denne forskriften
- brudd på regler om skjenkemengde, jf. § 4-5 i denne forskriften
- konsum av medbrakt alkoholholdig drikk, jf. § 4-4 i denne forskriften
- gjester medtar alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i denne forskriften
- brudd på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salgssted, jf. § 3-3 i denne forskriften
- brudd på vilkår i bevillingsvedtaket, jf. Alkoholova § 3-2 og § 4-3
- brudd på reklameforbudet, jf. Alkoholova § 9-2, jf. kapittel 14 i denne forskriften
- andre overtredelser som omfattes av Alkoholova § 1-8 første ledd, jf. blant annet Alkoholova § 3-1 sjette ledd, § 4-1 annet ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.

§ 10-4. Dersom det foreligger helt spesielle og svært formildende omstendigheter kan kommunen tildele færre prikker for en overtredelse enn det som følger av § 10-3.

Dersom det foreligger svært skjerpende omstendigheter, kan kommunen tildele flere prikker for en overtredelse enn det som følger av § 10-3. Kommunestyret kan ved svært skjerpende omstendigheter også øke lengden på inndragningen utover det som følger av § 10-2, i de alvorligste tilfellene for resten av bevillingsperioden.

Dersom omstendigheter som nevnt i første og annet ledd vektlegges, skal dette begrunnes særskilt i vedtaket.

§ 10-5. Der det foreligger grunnlag for prikktildeling, skal kommunen sende ut forhåndsvarsel om tildeling av prikker, jf. forvaltningsloven § 16.

Kommunestyret fatter enkeltvedtak om tildeling av prikker. Bevillingshaver skal i forbindelse med vedtaket orienteres om mulige konsekvenser ved ytterligere prikktildelinger.

Vedtaket etter annet ledd kan påklages etter forvaltningslovens regler. Der klageretten ikke benyttes, kan tildelingen av prikker likevel påklages i forbindelse med klage på senere vedtak om inndragning hvor tildelingen av prikker inngår som grunnlag.

§ 10-6. Dersom tildeling av prikker danner grunnlag for inndragning, skal kommunen sende ut forhåndsvarsel om inndragning av bevillingen, jf. forvaltningsloven § 16.

*Kommunestyret fatter enkeltvedtak om inndragning av bevilling på grunnlag av tildeling av prikkar.*

*Kommunen bør iverksette vedtak om inndragning innen fire uker etter vedtakelsesdato.*

*§ 10-7. En bevilling kan inndras dersom den ikke er benyttet i løpet av det siste året.*

*Bevillingen kan likevel ikke inndras dersom årsaken til manglende bruk av bevillingen er en hindring utenfor bevillingshavers kontroll og som han ikke med rimelighet kunne unngå eller overvinne følgene av. Dette gjelder bare i den utstrekning det kan antas at driften kan gjenopptas innen rimelig tid.*

## 5. Tidsavgrensing for sal og utlevering av alkoholholdig drikk

- a. Sal og utlevering av drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent alkohol kan skje frå kl. 08.00 til kl. 20.00 på kvardagar.
- b. Sal og utlevering av drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent alkohol kan skje frå kl. 08.00 til kl. 18.00 før søn- og heilagdagar med unntak for dagen før Kristi Himmelfartsdag, då er salstida til kl. 20.00 . Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida til kl. 16.00.
- c. Løyvehavar er ansvarleg for at drikk med alkoholinnhald over 2.50 volumprosent er tildekket/ ikkje lenger er tilgjengeleg i butikken når salstida er slutt.
- d. Sal og utlevering av drikk som inneheld høgst 4.7 volumprosent alkohol skal ikkje skje på søn- og heilagdagar, 1. og 17. mai.

## 6. Tidsavgrensing for skjenkeløyve

- a. Skjenketida for all alkoholholdig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent (gr. 1 og 2),
  - alle dagar frå kl. 0800 - 02.00
- b. Skjenketida for drikk med alkoholinnhald mellom 22 og 60 prosent (gr. 3),
  - alle dagar frå kl. 1300 til kl. 01.00

### Uteservering

- c. For stader som har løyve til uteservering, er skjenketida for all alkoholholdig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent
  - alle dagar frå kl. 10.00 –01.00
- d. For uteserveringar som har løyve til skjenking av all alkoholholdig drikk, er skjenketida for alkoholholdig drikk mellom 22 og 60 volumprosent
  - alle dagar frå kl. 13.00 - 01.00.

### Slutta selskap

- e. For stader som har skjenkeløyve til slutta selskap, er skjenketida for all alkoholholdig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent frå kl. 08.00 til maks. kl. 02.00. For alkoholholdig drikk mellom 22 og 60 volumprosent er skjenketida frå kl. 1300 til maks. kl. 01.00 .

### Overnattingsstad

- f. For skjenkeløyve til overnattingsstad gjeld alkohollova §4.4 siste ledd.



## Opningstider

- g. Opningstid er ein halv time etter avslutta skjenketid – dersom ikkje anna er særskild fastsett.

## 7. Konsum av utskjenka alkohol

Konsum av utskjenka alkohol skal opphøyre seinast ein halv time etter skjenkestopp.

## 8. Utviding for eit enkelt høve

Skjenke- og opningstid kan utvidast for eit enkelt høve. Mynde til å avgjera søknader om utvida skjenke- og opningstid er delegert til rådmannen.

## 9. Gebyr

### 9.1 Gebyrsatsane for sals- og skjenkeløyve

Gebyrsatsane for sals- og skjenkeløyve er regulert sentralt og vert i hovudsak justert årleg. Kommunen skal med heimel i Alkohollova krevja inn løyvegebyr for innvilge sal- og skjenkeløyve § 7-1. Gebyret må betalast innan fristen som kommunen fastset.

Alle som har sals eller skjenkeløyve skal kvart år betale eit gebyr til kommunen, jfr. alkohollova § 1-7. Løyvehavarar skal innan 1. februar kvart år sende inn oppgåve over forventa omsett mengde alkoholhaldig drikk for inneverande år, samt faktisk omsett mengde alkoholhaldig drikk for året før. Oppgåva for mengde seld alkoholhaldig drikk skal vere stadfesta av leverandør. Dersom det er eit avvik mellom forventa sal og faktisk sal, så kan kommunen foreta ei etterberekning og eit etteroppgjer.

Gebyr skal betalast etter dei til ei kvar tid nasjonale, fastsette satsar og i samsvar med innsend oppgåve over mengde seld alkoholhaldig drikk.

### 9.2 Satsar

Jf. Forskrift om omsetnad av alkoholhaldig drikk, skal gebyret betalast etter følgjande satsar: 2021

#### Sal

- 0,22 kr pr. vareliter for alkoholhaldig drikke i gruppe 1

#### Skjenking

- 0,50 kr pr. vareliter for alkoholhaldig drikke i gruppe 1
- 1,32 kr pr. vareliter for alkoholhaldig drikke i gruppe 2
- 4,36 kr pr. vareliter for alkoholhaldig drikke i gruppe 3.

Løyvegebyret utgjer per år minimum kr 1740,- for sal og kr 5400,- for skjenking.

Løyvemyndigheita kan likevel i særlege tilfelle bestemme at gebyret skal setjast lågare.

#### Ambulerande løyve og enkeltarrangement

- Ambulerande skjenkeløyve (gitt etter alkohollova § 4-5, gjeld berre slutta selskap) kr 390,- pr. løyve. Gebyret må vere betalt før løyvet blir teke i bruk. Ved kontroll må gyldig kvittering førevisast.
- Skjenkeløyve til enkeltarrangement (gitt etter alkohollova § 1-6). Gebyret blir fastsett etter forventa omsetnad og skal betalast seinast 3 dagar før arrangementet finn stad. Ved kontroll må gyldig kvittering førevisast. Løyvehavar skal seinast innan 14 dagar etter gjennomført

arrangement senda inn opplysningar om faktisk omsetnad med stadfesting frå den alkoholen er kjøpt hos. Dersom faktisk omsetnad er høgare enn det er innbetalt gebyr for, kan kommunen foreta etteroppgjerd.

**I medhald av alkoholforskrifta § 6-2 blir det fastsett slike gebyr:**

- kr 1550,- for arrangement der forventa omsetnad etter satsane i forskrift av 08.06.05 ville gitt eit gebyr på inntil 500,
- kr 2500,- for arrangement der forventa omsetnad etter satsane i forskrift av 08.06.05 ville gitt eit gebyr mellom kr 500,- og 1000,-.
- kr 4000,- for arrangement der forventa omsetnad etter satsane i forskrift av 08.06.05 ville gitt eit gebyr på over kr 1000,-.

Betalingssatsane pr. liter omsett alkohol blir endra i samsvar med dei til ei kvar tid fastsette satsar i forskrifter gjeve av departementet.

Inntekta frå gebyra skal bidra til å dekke kommunen sine kostnader med kontrollverksemd, haldningsskapande arbeid og rusførebyggjande tiltak.